



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Øystein Thommesen AS Sivilarkitekt MNAL  
Kjøpmannsgata 17  
7013 TRONDHEIM

Dato: 19.11.2021  
Vår ref: 21/06599-2  
Deres ref:

## Fråsegn utan merknad til varsel om oppstart av detaljregulering for Ødegårdsvegen 130 gbnr. 50/36 m.fl. i Stranda kommune

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 8. november 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

### Om planen

Planen skal legge til rette for utbygging av byggevarerhus for Bygger'n. Aktuelle tema blir gjort greie for i planomtalen og det skal utførast avgrensa risiko- og sårbarheitsanalyse.

### Fråsegn utan merknad frå DMF

DMF kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressurser, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til varsel om oppstart av detaljregulering for Ødegårdsveien 130.

Dersom handsaming av plana viser at den kan få følgjer for nokon av våre fagområde, ber vi om å få saka når den blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Gabriella Fure Briceno  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Gabriella Fure Briceno

Mottakarar:

Øystein Thommesen AS  
Sivilarkitekt MNAL

Kjøpmannsgata 17

7013 TRONDHEIM

Kopi til:

## Hans Aleksander Østhagen

---

**Fra:** Marit Berg  
**Sendt:** tirsdag 16. november 2021 07:18  
**Til:** Hans Aleksander Østhagen  
**Emne:** VS: Planarbeid Ødegårdsvegen 130.

Vennlig hilsen  
Marit Berg

Øystein Thommesen AS  
Kjøpmannsgata 17, 7013 Trondheim  
tlf. 73 50 00 80  
<http://www.arkitekt-thommesen.no>

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Ola Ødegård <ola.odegard@mimer.no>  
**Sendt:** mandag 15. november 2021 21:46  
**Til:** Marit Berg <mb@arkitekt-thommesen.no>  
**Emne:** Planarbeid Ødegårdsvegen 130.

Er eigar av nabotomta 50/2, og har vegrett for traktor og beitedyr langs sørsida av det merka arealet over til 51/1. Ser at arealet som vart kjøpt frå 51/1 ikke er med i planområdet, så då skulle det ikke vere nokon problem.  
Helsing Ola Ødegård.6200 Stranda

Øystein Thommesen AS, Sivilarkitekt mnal  
Kjøpmannsgata 17  
7013 TRONDHEIM

**Vår dato:** 25.11.2021

**Vår ref.:** 202117515-2

**Dykkar ref.:**

## **NVE sitt innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Ødegårdsvegen 130 i Stranda kommune**

Vi viser til brev datert 08.11.2021. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Ødegårdsvegen 130 i Stranda kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av byggvarehus.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **Konkrete innspel**

#### *Skredfare i bratt terreng*

I regi av NVE er det gjennomført skredfarekartlegging i bratt terreng for Stranda kommune, jf. faresonekart på [NVE Atlas](#). For det varsla planområdet er det kartlagt skredfare med sannsyn som har verknad for tiltak i tryggleiksklassane S2 og S3, jf. byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Fareområda må regulerast med omsynssone *Skredfare H310*, med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

#### *Flaum og erosjon*

I særleg del av planområdet renn bekken Løken, og i arbeidet med risiko- og sårbaranalysen (ROS) er flaum og erosjon relevante tema. Aktsemdskart for flaum viser potensiale for flaum i delar av planområdet, og den reelle faren for flaum må avklarast med vurdering av fagkyndig. Generelt gjeld at areal som vert overfløymd ved 200 års flaum



skal synast i plankartet som omsynssone *Flaumfare H320*, med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. Norsk klimaservicesenter har utarbeidd [Klimaprofil for Møre og Romsdal](#) og NVE rår til å nytte kunnskapen i klimaprofilen i planarbeidet.

Dersom elvebreidda er erosjonsutsett skal det vere ei tryggleikssone mellom bygningar og toppen av lausmasseskråninga over elva som er minst like brei som høgda frå elva og til toppen av skråninga. Avstanden må vere minst 20 m, jf. prinsippsskisse for erosjonssikker plassering av byggverk i rettleiinga til TEK17 § 7-2 fjerde ledd.

### *Overvatn*

Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.

NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

De bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og dryging av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårleg, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumveggar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

### *Grunnforhold*

Planområdet ligg under marin grense. I følgje NGU sitt lausmassekart er lausmassane i planområdet breelvavsetningar. Under desse avsetningane kan det vere marine avsetningar. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må difor vere eit tema i ROS-analysen. NVE rår til at prosedyren i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

### *Vassdragsmiljø*

Bekken Løken renn gjennom sørleg del av planområdet. I følgje vassressurslova (vrl) § 11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf. pbl § 12-5 nr. 6, bør nyttast til å merke vasstreng med t.d. underkategorien *Natur og friluftsliv*.

Dersom planen inneber inngrep i vassdraget må det gjerast greie for om det er knytt allmenne interesser til vassdraget, og korleis inngrepet påverkar desse interessene. Som



døme på allmenne interesser kan nemnast fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikkje treng særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming føreset at planen gjev ei god skildring av tiltaka og at konsekvensane for allmenne interesser er vurdert.

### **Generelle råd**

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

### **NVE si oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
Senioringeniør

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

### **Mottakarliste:**

Øystein Thommesen AS, Sivilarkitekt mnal



**Kopimottakarliste:**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
Stranda kommune



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

ØYSTEIN THOMMESEN AS  
Kjøpmannsgata 17  
7013 TRONDHEIM

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2126/hao	08.11.2021	159761/2021/REGULERINGSPLAN/1525	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	29.11.2021

## Stranda kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Ødegårdsvegen 130 - fråsegn til oppstart

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Saka gjeld varsel om oppstart av om å legge til rette for utbygging av eit byggvarehus og eit lager.

### Planfagleg

Vi saknar ei nærare beskriving av størrelse på bygget. Før ein kommune etablerer områder for plasskrevjande varer, så bør ein vise til at tiltaket er i samsvar med overordna mål i gjeldande kommuneplan, og at etableringa ikkje er med på å bidra til spreining av næringsverksemd og vil ha ein positiv samfunnseffekt.

Etablering av fortau vil vere eit godt trafikktryggingstiltak i eit område kor det i framtida kan bli fleire næringsetableringar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har elles ut frå våre ansvarsoppgåver ingen vesentlege merknader til oppstartsvarel.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*



Kopi:  
Stranda kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen



ØYSTEIN THOMMESEN AS  
Kjøpmannsgata 17  
7013 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

## **Stranda kommune – Eiendom 50/36 - 50/144 og 51/23 Detaljregulering - oppføring av byggevarehus - Ødegårdsvegen 130 Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid**

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

Plankonsulent Øystein Thommesen AS varslar på vegne av E.A. Smith AS oppstart av planarbeid for detaljregulering for Ødegårdsvegen 130 i Stranda kommune. Planområdet omfattar eigedomane 50/36, 50/144 og 51/23.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av byggevarehus.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

### **Planfagleg**

Vi saknar planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet med kommunen i oversendinga. Dette skal følgje med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid. Det er heller ikkje opplyst kva arealformål som gjeld for planområdet.

### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast.

### **Forureining**

Det er mistanke om forureina grunn etter ein brann i 2016. Det vil som følgje av dette vere naudsynt å undersøke tilstanden til grunnen før ein gjennomfører tiltak her. Vi viser til kapittel 2 i forureiningsforskrifta som regulerer det kommunen skal gjere i saker som gjeld bygging eller graving i forureina grunn. §2-4 sett krav til tiltakshavar om å sørge for undersøkingar «*dersom det er grunn til å tru at det er forureina grunn i området*».

### **Barn og unge**

Ødegårdsvegen er smal. Det må utgreiast om etablering av handel her vil gje verknader for til dømes skuleveg for barn og unge.

### **Konklusjon**

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### **Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

### **Kopi**

Stranda kommune, Øyna 13, 6200 Stranda  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer  
NVE-vest, Naustdalsvegen 1b, 6800 Førde



## Statens vegvesen

ØYSTEIN THOMMESEN AS  
Kjøpmannsgata 17  
7013 TRONDHEIM

Behandlende enhet:  
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:  
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:  
21/233972-2

Deres referanse:  
2126/hao – Hans  
Aleksander Østhagen

Vår dato:  
18.11.2021

### Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering for Ødegårdsvegen 130 Stranda kommune

Vi viser til brev datert 08.11.2021.

#### Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av et byggvarehus (Bygger'n) og lager.

#### Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale vegger, gater og løsninger for gående og syklende.

#### Våre innspill til planarbeidet

Vi har ikke merknader til at det etableres et byggvarehus og lager i dette området. Vi ser det imidlertid som viktig at trafiksikkerhet og fremkommelighet for alle trafikantgrupper vurderes i forbindelse med planarbeidet. Vi ber særlig kommunen om vurdere om bygging

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

av regulert fortau langs Ødegårdsvegen bør bygges ut samtidig som ny utbygging av trafikkgenererende virksomhet langs vegen.

### **Konklusjon**

Statens vegvesen viser til innspill over og ber om at dette tas med i det videre planarbeidet.

Transportforvaltning midt  
Med hilsen

Linda Heimen  
seksjonssjef

Vidar Neraas  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
STRANDA KOMMUNE, Øyna 13, 6200 STRANDA

Øystein Thommesen AS  
Kjøpmannsgata 17  
7013 Trondheim

Dykkar ref:  
Vår ref: 2021/230621  
Dato: 23.11.2021  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



## UTTALE TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID FOR DETALJREGULERING - ØDEGÅRDSVEGEN 130

Viser til dykkar brev datert 08.11.2021, ref. 2126/hao med varsel om oppstart av planarbeid for Ødegårdsvegen 103 på Stranda. Frist er av avsendar sett til 29.11.2021.

### **Mattilsynet sitt ansvar og medverking**

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som ivaretek tilhøva rundt drikkevatt i plansamanheng.

### **Føremål med planen**

Planen skal legge til rette for utbygging av byggevarerhus for Bygger'n. Planen omfattar eigedomane med gnr./bnr. 50/36, 50/144 og 51/23.

### **Uttale frå Mattilsynet region Midt avd Sunnmøre**

Vi har vurdert tiltaket i ut i frå drikkevassomsyn. Vi kjenner ikkje til forhold som vil ha negativ innverknad på eventuell drikkevassforsyning eller øvrige av våre forvaltningsoppgåver i tilsynsområdet, og har derfor ingen merknader til saka.

Med helsing

Marianne Løseth Høydalsvik

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*